

LANGRUSTEN



Av Knut Raastad, skrivi i 2004

I rekneskap over kyrkjepenger for 1832 er under almenninga nemnd Ole Langrusten. Ole Gundersen 1767-1848 var truleg frå Ulsanden, han vart i 1807 gift med Anne Johannesdotter 1757-1828. I alle fall da Anne døydde var dei i Langrusten, men det kan vera at dei har starta der da dei gifta seg i 1807.

Som enkjemann gifta Ole Gundersen seg i 1830 med Kari Syversdotter Grev 1787-1844, truleg var dei barnlause. Kari hadde sonen Hans Johannesen f. 1812, truleg budde dei i Vehlberget, og også seinare flytte Hans dit. I 1839 var det skjøte på Langrusten frå Ole Gundersen til Syver Olsen Nyhus for 50 Spd.

I 1865 var Syver Olsen f. 1808 brukar i Langrusten, han var gift med Brit Olsdotter Aabakken 1810-1879. Syver Olsen var frå Nyhus og frå 1862 til 1869 var han husmann der attåt å drive Langrusten. Han fekk festeseddel på Langrusten til seg og kjerringa på levetid i 1866, og i 1878 var dei framleis brukarar. Folketellinga 1875 nemner ikkje Langrusten, Syver, Brit og yngste dottera budde da som føderådsfolk i Nyhus. Brit budde i Langrusten da ho døydde i 1899. Syver og Brit hadde barna

Barbro f. 1832, ugift i 1865, sonen Johannes Hansen f. ca. 1853 budde i 1865 i Langrusten

Marit f. 1841

Ole f. 1843

Ragnhild f. 1850

Syver f. 1853

Anne f. 1856, gift med Nils Jonsen Bergheim, Lom, f. 1861

I 1879 og 1882 budde Knut Pedersen og familien her, dei kom seinare til Storsteinrusten. Kjerringa Toline 1849-1934 var frå Næpnesset, og Brit i Langrusten var tanta hennar.

Etter dette var Ola Grovdalen f. 1830 brukar i Langrusten, festekontrakt er frå 1890, han var frå Jakobstugun og hadde tidlegare budd på søre Næbneshaugen og i Grovdalen. I 1900 er Langrusten nemnd som statsalmenningsplass, men Ola er rekna som gardbrukar og sjølveigar. Det var betre å vera på eit bygselbruk enn i Grovdalen som var rekna å vera husmannsbruk. Ola var gift med Kari Ivarsdotter f. 1833, og saman med dei budde i 1900 sonesonen Jørgen Jonsen Runningen f. 1894.

Ola og Kari reiste i 1904 til sonen Jakob i Amerika, og bygselen på Langrusten vart overteke av dottera Rønnaug og svigersonen Amund Flåten. Dei bygde opp nye hus og dreiv bruket saman med Flåten, slik at dei flytte imellom. I 1938 fekk sonen Ola i Kongelhaugen skjøte på Langrusten saman med Flåten, han brukte jorda saman med Kongelhaugen fram til fyrst på 1960-talet. Stugu, fjøs, stabbur og låve vart ca. 1966 rivi og kjørt til Kongelhaugen, men dei vart ikkje sett opp att.

I 1865 var det i Langrusten 2 kyr, 3 sauer og 2 geit, medan dei sådde 1/2 tønne bygg og nesten 1/4 tønne poteter.

*Kjelder: P.Ø.Kvarberg 2000: Slekter i Vågå og Lom, s. 18 og 116
E.Grev, Årbok for Gudbrandsdalen: Soga um Flåten, s. 130
K.B.Storvik 1999: Draumen om eit bedre liv, s. 34
Folketelling 1865, 1900
Panterregister/grunnbok
Utdrag kyrkjebøker for Vågå
Gudbrandsdalskommisjonens Indberetning 1882
Liste over husmannspenger til kyrkja
Anna Randen: munnleg fortalt*